

Systrene Nilsen vert oppgradert

12.03.2013

Systrene Nilsen er i siste fase av golvlegging og oppgradering av restauranten fortel Gunnhild til uskedalen.no. Uskedalen Trelast har stått for denne jobben, og det ser utruleg flott ut. Dei ser fram til påskeope og snart også sumarsesong.

Neste opningsdag hjå Systrene Nilsen er palmelaurdag 21:00 - 01:30, skjærtorsdag med quiz kl 19:30 - 01.30 og påskeafta kl 21:00 - 01:30. Gunnhild håpar på påkestemning, fint vær og god stemning på Systrene.

Ho oppfordrar folk til å melde på quiz-lag, telefon **910 02 207** eller systrene.nilsen@gmail.com.

Det er allereie nokre lag som har meldt seg på. Klarar dei å slå rekorden frå i fjor med 19 lag?
- Det hadde vore utruleg kjekt, seier Gunnhild.